

Høyringsutkast nr. 3_Forskrift om hovudmål på skulane i Eidfjord kommune

Heimel: Forskrift om hovudmål på Lægreid barne- og ungdomsskule i Eidfjord kommune vert fastsett av Eidfjord kommunestyre 17. Juni, 2024 med heimel i lov 9.juni 2023 nr 30 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, §15-2 første ledd.

§1 Formål og verkeområde

Forskifta fastset hovudmålform for grunnskulane i Eidfjord kommune jf. opplæringslova § 15-2.

Forskifta gjeld for alle elevar og tilsette ved Lægreid barne- og ungdomsskule i Eidfjord kommune.

Elevar på 1. til 7. trinn skal i det skriftlege arbeidet bruka det skriftspråket som kommunen har vedteke som hovudmål for skulen. Føresette til elevane vel om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk. Elevar på 8. til 10. trinn vel sjølve om dei skal bruke bokmål eller nynorsk som hovudmål, og om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk jf. opplæringslova § 3-1.

§2 Hovudmål

Nynorsk er hovudmålet ved grunnskulen i Eidfjord kommune, Vestland. Skulen skal bruke nynorsk i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevar og føresette og andre.

§ 3 Iverksetjing

Forskifta trer i kraft 1. august 2024.